



Arkivnr: 2017/2682-45

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		07.12.2017

### Årsmelding 2017 for fylkeseldrerådet

#### Samandrag

Fylkeseldrerådet skal kvart år legge fram årsmelding for fylkestinget innan 1. juli. Dette går fram av reglementet for fylkeseldrerådet punkt 2. Arbeidsutvalet for fylkeseldrerådet har utarbeid ein tekst til årsmelding for 2017.

Fylkeseldrerådet skal som regionalpolitisk pådrivar innan sitt ansvarsområde arbeide med overordna politikkutforming for eldre i Hordaland.

Rådet har sju oppnemnde medlemmer av fylkestinget. Eit medlem med varamedlem vert vald mellom medlemmane i utval for miljø og samferdsel og eit medlem med varamedlem mellom medlemmene i utval for opplæring og helse. Fem medlemmer vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeningar. Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden. Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

I årsmeldinga for 2017 har ein gjeve ei orientering om arbeidet og oppgåvene til rådet for året 2017. Det vert mellom anna gjeve ein oversikt over saker som fylkeseldrerådet spesielt har jobba med, deltaking i ulike prosjekt og ein oversikt over høringar der rådet har uttala seg.

Årsmeldinga vil få ein annan layout før den skal handsamast i fylkesutvalet og i fylkestinget.

#### Forslag til innstilling

Årsmeldinga 2017 for fylkeseldrerådet vert vedteke slik den ligg føre.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Årsmelding 2017 for fylkeseldrerådet.